



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Møte i Studentparlamentet

nr 7/23-24

Onsdag 24. april 2024

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 19.00

Møtestart kl 16.00

Saksliste

| | |
|---|----|
| Sak 60 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll | 3 |
| Sak 61 – 23/24: Godkjenning av sakslista | 3 |
| Sak 62 – 23/24: Orienteringar | 5 |
| Sak 63 – 23/24: Nytt AU – val av leiar 23-24 | 6 |
| Sak 64 – 23/24: Nytt AU – val av fagansvarleg 23-24 | 7 |
| Sak 65 – 23/24: Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg 23-24 | 8 |
| Sak 66 – 23/24: Nytt AU – val av velferdsansvarleg 23-24 | 9 |
| Sak 67 – 23/24: Nytt AU – val av informasjonsansvarleg 23-24 | 10 |
| Sak 68 – 23/24: Nytt AU – val av nestleiar | 11 |
| Sak 69 – 23/24: Valg av SiVolda | 12 |
| Sak 70 – 23/24: Obligatorisk oppmøte | 14 |
| Sak 71 – 23/24: Fairtrade | 15 |
| Sak 72 – 23/24: Endring av styringsdokument | 16 |
| Sak 73 – 23/24: Endring av vedtekter | 17 |
| Sak 74 – 23/24: Forskningsdagane | 18 |
| Sak 75 – 23/24: SAIH politisk kampanje | 19 |
| Sak 76 – 23/24: Oppussing av gamle SP Kontoret | 20 |
| Sak xx – 23/24: Eventuelt | 21 |

Sak 60 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 24.03.24

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Ammy og Ronda (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, kjem AU med forslag til ordstyrar for møtet.

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 24.03.24.

Sak 61 – 23/24: Godkjenning av saklista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

| | | Dagsorden for studentparlamentsmøte | * | Saksframlegg |
|-------|----|--|---|--------------------------|
| 16.00 | 60 | Godkjenning av innkalling og protokoll | V | Ordstyrar |
| | 61 | Godkjenning av sakliste | V | Ordstyrar |
| | 62 | Orienteringar | O | Leiar |
| 16:30 | 63 | Nytt AU: val av leiar | V | Leiar |
| 16:40 | 64 | Nytt AU: val av fagansvarleg | V | Fagansvarleg |
| 16:50 | 65 | Nytt AU: val av internasjonalt ansvarleg | V | Internasjonalt ansvarleg |
| 17:00 | 66 | Nytt AU: val av velferdsansvarleg | V | velferdsansvarleg |
| 17:10 | 67 | Nytt AU: val av informasjonsansvarleg | V | Informasjonsansvarleg |
| | | Pause | | |
| 17:20 | 68 | Nytt AU: val av nestleiar | V | Nestleiar |

| | | | | |
|-------|----|--|---|--------------------------|
| | | | | |
| 17:30 | 69 | Valg av SiVolda | V | Leiar |
| 17:40 | | Pause | | |
| 17:55 | 70 | Obligatorisk oppmøte | V | Fagansvarleg |
| 18:00 | 71 | Fairtrade | V | Informasjonsansvarleg |
| 18:05 | 72 | Endring av styringsdokument | V | Leiar |
| 18:15 | 73 | Endring av vedtekter | V | Leiar |
| 18:30 | | Pause | | |
| 18:45 | 74 | Forskingdagene | D | Internasjonalt ansvarleg |
| 18:5 | 75 | SAIH politisk kampanje | | Organisasjonskonsulent |
| 18:45 | 76 | Forslag til oppussing av gamle SP kontor | V | Velferdsansvarleg |
| 19:00 | | Middag | | |
| | | Eventuelt | | |
| | | Møteslutt, møtekritikk | | |

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

Sak 62 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Velferdsgalla
- Demokratitid
- Påmelding til faddere 2024
- NSO Landsmøte i Tønnsberg

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 63 – 23/24: Nytt AU – val av leiar 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje leiar for komande studieår. Studentleiar er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet som leiar tilsvarar ei 50 % stilling.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein leiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2024 til 31.05.2024.

Som leiar av Studentparlamentet skal du leie og koordinere studentpolitikken som vert fremma ved Høgskulen i Volda. Dette er ei kjempegivande oppgåve, som ein tek på seg for alle studentane ved institusjonen. Ein er tilsett i ei 50% stilling, og bør og må derfor rekne med å nytte 20 timar i veka på dette vervet. Arbeidsoppgåver varierar mykje i omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort i møter med leinga, arbeidsutvalet og organisasjonsrådgjevaren til studentparlamentet, velferdsytarar og nasjonale organisasjonar ein samarbeidar med for å fremje saker som påverkar studentane ved institusjonen.

Ein blir fast representant i tilsetjingsutvalet (TUFO) i perioden som leiar.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: tolmod, lyttande, raus, samarbeidsevner, stor arbeidskapasitet og god rolleforståing.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 64 – 23/24: Nytt AU – val av fagansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Fagansvarleg
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje fagansvarleg for komande studieår. Fagansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i år

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein fagansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2024 til 31.05.2024.

Som fagansvarleg fylgjer du opp studierelaterte saker for Studentparlamentet, og er fast kontaktperson og koordinator for dei tillitsvalde. Du arrangerer ca 3-4 allmøter for tillitsvalde ila året, og sørgjer for at dei har god informasjon og opplæring i rolla som tillitsvald. Du følgjer også opp arbeid knytt til Studiebarometeret. I arbeidet samarbeider du med Studentombodet, organisasjonsrådgjevar, leiinga ved Høgskulen ++, og kan også samarbeide med Velferdsgruppa eller andre aktørar for å få i stand faglege kurs.

Fagansvarleg er fast representant Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode dialogferdigheiter, interesse for fagleg aspekt og kvalitet i høgare utdanning.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 65 – 23/24: Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje internasjonalt ansvarleg for komande studieår. Internasjonalt ansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i år

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein internasjonalt ansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2024 til 31.05.2024.

Som internasjonalt ansvarleg samarbeider du tett med Pangaia, Internasjonalt kontor og andre relevante organisasjonar som arbeidar for inkludering og betre moglegheiter for internasjonale studentar. Du leier juryen for utdeling av prisen for Internasjoalisering. Du er også Studentparlamentet sin kontaktperson opp mot SAIH – Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpfond, der Studentparlamentet er medlemslag.

Arbeidsoppgåver varierar mykje i form og omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort gjennom kontinuerleg dialog med Pangia og internasjonalt kontor, og organisasjonar ein samarbeidar med for å fremje saker som påverkar internasjonalisering, og gjennom å arrangere lågterskel-arrangement som Norwegian Night eller

Internasjonalt ansvarleg er fast representant i internasjonalt utval ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode dialogferdigheiter, språkkunnskapar og interesse for internasjonalisering

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 66 – 23/24: Nytt AU – val av velferdsansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Velferdsansvarleg
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje velferdsansvarleg for komande studieår. Velferdsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i år

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein velferdsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring og avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2024 til 31.05.2024.

Som velferdsansvarleg har ein ei gylden moglegheit til å bidra til studentane sin trivsel, og samtidig få et innblikk i velferd for studentar. Du jobbar også tett opp mot studentorganisasjonane ved Høgskulen i Volda for å gi dei gode ram

Som velferdsansvarleg kan du i samarbeid med velferdsgruppa (studenthumanisten, biblioteket, SiVolda, studentprest, Rokken ++) arrangere aktivitetar for studentar og jobbe for å forbetre velferdstilbodet og det psykososiale miljøet ved Høgskulen. Du har også ansvar for sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet.

Velferdsansvarleg er fast representant i læringsmiljøutvalet (LMU) ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode samarbeidsevner og interesse for studentvelferd.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 67 – 23/24: Nytt AU – val av informasjonsansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Informasjonsansvarleg
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje informasjonsansvarleg for komande studieår. Informasjonsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein informasjonsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2024 til 31.05.2024.

Informasjonsansvarleg har ansvar for å halde vår grafiske profil og informasjonsmateriell oppdatert, i tillegg til å produsere innhald til våre sosiale medium. Informasjonsansvarleg samarbeider tett med resten av AU, samt kontor for kommunikasjon ved HVO, for å få ut informasjon om det Studentparlamentet jobbar med til ei kvar tid. Arbeidet skal medverke til at vi når ut til nye studentar slik at fleire kan ta del i og vere aktive i studentdemokratiet.

Informasjonsansvarleg er fast medlem i Valstyret ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men eim må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: gode kommunikasjonsferdigheiter, interesse for promotering, kjennskap til relevante programvarer og rolleforståing.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 68 – 23/24: Nytt AU – val av nestleiar

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: nestleiar

Studentparlamentet skal velje nestleiar for komande studieår. Studentparlamentet vel nestleiar mellom dei 4 valte representantane i AU (informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg og fagansvarleg). Alle dei 4 kan stille som kandidat, og vervet som nestleiar kjem i tillegg til vervet ein allereie er valt til. Honoraret for vervet du har i botnen, blir erstatta med eit noko høgare honorar tilsvarande ei 20 % stilling.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein nestleiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.24-30.04.25.

Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023.

Nestleiar er leiars stadfortredar ved behov, og deltek på leiingsmøte saman med leiar. I tillegg er personen vara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest. Nestleiarvervet er honorert tilsvarande ei 20% stilling (unnateke juli), og bør rekne med å nytte 10 timar i veka på vervet i tillegg til fastemøter. Denne arbeidsinnsatsen inkluderer også vervet ein har i botnen.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: fleksibel, lyttande, stor arbeidskapasitet, og god rolleforståing.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

Sak 69 – 23/24: Valg av SiVolda

| | |
|---------------|---|
| Type sak: | Vedtaks sak // Orienteringssak // Diskusjonssak |
| Saksframlegg: | Fagansvarleg |
| Vedlegg: | Vedlegg 2 Vedlegg 3 |

Studentparlamentet skal velje nye studentmedlemmar til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda). Studentmedlemmar må være registrert som student ved Høgskulen i Volda for å stille og ha styreverv i SiVolda.

Kandidatar som ynskjer å stille til val, møter opp på møtet og får presentere seg gjennom ein kort valtale (3 min.)

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval 3 styremedlemmar og tre varaer til styret i SiVolda.

Bakgrunn

Om studentsamskipnadane i Noreg

Studentsamskipnadane er ideelt drivne institusjonar som ivareteke studentane si velferd ved dei ulike studiestadane. Dei organiserer velferdstilbod som studentbustader, kantine, kafear, studenthus, studentidrett og treningstilbod, studentbarnehagar, studenthelseteneste, rådgjevings- og psykologteneste med meir.

Studentsamskipnadane er ideelle, private aktørar. Dei er finansiert av semesteravgifta, samt statleg støtte, i tillegg til inntektene frå drifta av tenestene, som kantine, bustader m.m. Alt av overskot i tenestetilbodet deira går tilbake til drifta, og kjem studentane til gode i form av å subsidiere eller vidareutvikle velferdstilbodet.

Val av styremedlemmar

Representantane som blir valde har ei funksjonstid på eitt år, og vil tre inn i verva frå 1. august 2024 – 31. juli 2025. Verva i styret er honorerte etter faste satsar.

Som styremedlem i SiVolda, deltek du på eit todagars styreseminar i starten av perioden, og deltek på styremøta etter oppsett møteplan. Det er omtrentleg to styremøter ila haustsemesteret og 3-4 møter ila vårsemesteret. Møta finn stad i lokala til SiVolda, og varer vanlegvis i om lag to timar. Dagleg leiar for SiVolda er møtesekretær, og har ansvar for å førebu sakene som skal opp for styret.

Studentane har fleirtal i styret (så fremt studentdemokratia krev det, noko som er tilfelle i Volda), og ofte har studentane også styreleiar. Studentdemokratia kan sjølv avgjere om dei vil velje styreleiar direkte, eller om det blir valt internt. I Volda har styret dei seinare åra valt styreleiar internt.

Prosedyrer rundt val av styret for SiVolda blir elles regulert av lov og forskrift om Studentsamskipnader i Noreg:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-12-14-116>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-07-22-828>

Samansetjing av styret i SiVolda 2022-23

Styret i SiVolda er per no sett saman slik:

Styreleiar – Sindre Rabben Tronstad – valt av studentane

Nestleiar – Joachim Selsbakk Hansen – valt av studentane

Styremedlem – Preben Rosenvinge – valt av studentane

Styremedlem – Odd helge Mjellem Tonheim – valt av tilsette HVO

Styremedlem – Malen Renate Sætre – valt av tilsette SiVolda

Varaer, studentar:

1. Jenny Justine Nystad
2. Maher Ahmad Othman

Vara HVO: Eirik Sjøvik

Vara SiVolda: Kristin Helena Habostad, Eli Anne Bakkene Løksa

[Strategisk plan for Studentsamskipnaden i Volda – SiVolda 2022-2025](#)

Sak 70 – 23/24: Obligatorisk oppmøte

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Fagansvarleg
Vedlegg:

Fleire studiar ved Høgskulen i Volda har obligatorisk oppmøte under undervisninga. Dette betyr at studentane må oppfylle kravet om antal oppmøteprosent for å kunne få gå opp til eksamen. I emneplanar der oppmøtekrav ikkje er opplyst, er kravet 80 prosent frammøte.

Fråværsprosenten blir rekna ut etter planlagd undervisning. Ved eventuell avlysing av undervisninga får alle studentar godkjent oppmøte. Høgskulen/undervisarar har rett til å flytte undervisninga/gjere endringar i undervisningsforma, men melding om dette må sendast ut minst éi veke på førehand.

På fleire studie er det diskusjon og misnøye rundt obligatorisk oppmøte. Studentar skal kunne tilpasse læringa etter eige liv. Studentmassen er mangfaldig, det er ikkje alle som har moglegheit til å møte fysisk av ulike årsaker. Undervisninga bør være meir variert og studentsentrert. Det må vere meir fleksibilitet for studentane. Studentparlamentet forventar betre dialog og forventningsavklaringar mellom undervisarar og studentar.

AU sitt forslag til vedtak:

- Studentane ønskje meir ansvar for eige læring
- I revidering og godkjenning av emne må det være faglege grunnar for krav om obligatorisk oppmøte

Bakgrunn

Studentparlamentet har fått inn mange innspel frå tillitsvalte og studentar om obligatorisk oppmøte. På nokre studiar har studentane opplevd at fysisk undervisning på kort varsel er endra til asynkron undervisning, noko dei opplever gir betydeleg dårlegare læringsutbytte.

Sak 71 – 23/24: Fairtrade

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Nestleiar
Vedlegg:

Fairtrade produkt kan bety ein stor forskjell for mange bønder og arbeidar i utviklingsland. Det finnast 1000 Fairtrade-merka produkt på det norske marknaden. Dei vanlegaste produkt du kan sjå etter er banan, blomster, bomullstekstil, cashewnøtter, is, kaffe, kakao, sjokolade, rørsukker og te.

Skular av alle slag kan få status som Fairtrade-skule. Fairtrade- skuler er skular som engagasjere seg for rettferdig og berekrafeg handel og som jobbe for å auke kjennskap til og forbruk av Fairtrade-merka produkt. Utnevnelsen gir høgskulen rett til å bruke Fairtradeskule-logoen. Følgjende kriterie ligg til grunn:

Innkjøp: Det serverast minimum tre produkt i høgskulens kantine og/eller på dei tilsettes pauserom der eitt av disse skal være kaffe

Styringsgruppe: det skal nedsettes ein styringsgruppe bestående av studentar, fagtilsette, kantine/kjøkkenpersonale og leiing/administrasjon. Ein av disse skal være kontaktperson til Fairtrade Noreg.

Kommunikasjon: Det fokuserast på Fairtrade gjennom to tiltak eller arrangement i året

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet jobbar med å innføre Fairtrade inn i Høgskulen i Volda.

Sak 72 – 23/24: Endring av styringsdokument

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg:

Sakspapir blir ettersendt

AU sitt forslag til vedtak:

AU sitt forlag til vedtak

Bakgrunn

Sak 73 – 23/24: Endring av vedtekter

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg:

Sakspapir blir ettersendt. Sjå på vedtektene om det er noko dykk vil endre på

AU sitt forslag til vedtak:

AU sitt forlag til vedtak

Bakgrunn

Sak 74 – 23/24: Forskningsdagane

Type sak: Diskusjonssak
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg
Vedlegg:

Forskningsdagane er ein årleg hending i perioden fredag 20. September til torsdag 26. September, Forskningsdagane gjev kvart år eit eineståande høve til å vise fram breidda i forskinga ved høgskulen til eit variert publikum både lokalt og regionalt.

AU sitt forslag til vedtak:

Forslag frå studentar til forskningsdagane 2024 "HELSE"

Bakgrunn

Forslag til diskusjon:

- 1. Bidrag frå Studentparlamentet (SP):** Korleis ønskjer SP å bidra under forskningsdagane? Skal SP organisere verkstadar, føredrag eller paneldebattar?
- 2. Studentdeltaking:**
 - Korleis kan vi motivere studentane til å delta aktivt under forskningsdagane?
 - Bør deltaking integrerast i studieplanane som ein obligatorisk aktivitet?
- 3. Val av tema:**
 - Kva forskningstema er av interesse for studentane i år? Det er foreslått tema som psykisk helse, berekraftig utvikling, teknologi og samfunn.
 - Skal tema veljast gjennom ei studentdriven undersøking eller andre initiativ?
- 4. Stad og logistikk:**
 - Forslag om å flytte forskningsdagane til Rokken for å skape ein meir uformell og tilgjengeleg atmosfære. Korleis vil dette påverke oppmøte og engasjement?
 - Kva praktiske tiltak må vurderast ved ein eventuell flytting av arrangementet?

Vedtaksforslag:

- Det blir foreslått at SP arrangerer ein serie med innleiande møter med studentrepresentantar frå ulike fakultet for å samle innspel og preferansar omkring forskningsdagane.

- Opprette ei arbeidsgruppe som inkluderer studentar for å planleggje og koordinere dagenes aktivitetar, inkludert tema, format og logistikk
- <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling-0/forskning-ved-hvo/forskingsdagane>

Sak 75 – 23/24: SAIH politisk kampanje

Saksframlegg:

Vedlegg: Vedlegg 2
 Vedlegg 3

AU sitt forslag til vedtak:

AU sitt forlag til vedtak

Bakgrunn

Sak 76 – 23/24: Oppussing av gamle SP Kontoret

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

Vi i Studentparlamentet hadde denne saken oppe i et parlamentsmøte i høst. Da kom dere med flere gode ideer til hva som kan være der, da Akademika ikke flyttet inn.

Dette gamle kontoret skal bli ryddet opp etter studentorganisasjoner, og alt skal fjernes. Dette gamle kontoret skal bli en ny og kjekk møteplass for alle studentene på Høgskulen i Volda.

For at forslaga som vi har kommet med skal bli hørt er det viktig at våre forslag er så konkrete som mulig. Dette gjør det lettere for AU når prosesen er i gang til å gi en konkret bestilling til prosjektet.

Forslagene som er kommet inn:

- Utlån av symaskin
- Shuffleboard
- Spill
- Mini kjøkkenkrok til vaffelsteking
- Sofakrok
- Biljardbord/bordtennisbord
- Møbler på hjul
- TV krok.

AU sitt forslag til vedtak:

AU tar innspilla vidare når prosessen settes i gang.

Bakgrunn

Sak xx – 23/24: Eventuelt

Saksframlegg:

Vedlegg:

Bakgrunn

Møtekritikk etter formell møteslutt.

